

Handlingsplan 2014

Handlingsplanen for LLP 2014 er forma som ein årsplan og er forankra i LLP sin organisasjonsstrategi 2011, jf. Sak 9.3 vedteke på landsmøte 2011.

Strategi 1: LLP skal vere eit politisk talerøyr på arkivfeltet.

Tiltak:

- LLP skal følgje opp stortingsmeldinga om arkiv gjennom deltaking i Riksarkivet sitt SAMDOK-prosjekt.
- LLP skal gjennom heile 2014 auke merksemda om arkivsektoren sine behov og utfordringar gjennom dialog med embedsverk og politikarar.
- LLP skal rette merksemd mot arkivfeltet gjennom å publisere minst ein kronikk i rikspressa.
- LLP skal møte Familie- og kulturkomiteen på Stortinget med innspel til statsbudsjettet 2015. Innspelet skal søkjast kringkasta i i media.
- LLP skal følgje opp den varsla revisjonen av arkivlova gjennom å levere innspel og delta i høyringsprosessen.

Strategi 2: LLP skal arbeide for å heve nivået på arkivarbeidet og bidra til fagleg utvikling.

Tiltak:

- LLP skal vere med på å arrangere Nordisk arkivformidlingskonferanse 2014.06.25
- LLP skal delta i utviklinga av ASTA og arkivportalen.no.
- LLP skal samarbeide med Kulturrådet og Riksarkivet om ein privatarkivkonferanse.
- LLP skal følgje opp arbeidet med fylkeskommunal administrasjonshistorie.
- LLP skal lyse ut stipend for 2014, dersom økonomien i organisasjonen tillet det.

Strategi 3: LLP skal styrke faglege fellesskap og nettverk.

Tiltak:

- LLP vil i saker der det er naturleg samarbeide med andre aktørar, som Norsk Arkivråd, KS-arkivgruppe, Riksarkivaren, Norsk museumsforbund og Kulturrådet.
- LLP vil delta i samtlege prosjektgrupper i Riksarkivet sitt SAMDOK-prosjekt.